

**ÅRSMEDDING
FOR
ØRSKOG
HISTORIELAG
ÅR: 2016**



12 Foto: Egge

Foto: Egge 1947

Fotograf: Ole Egge

Datering: 1947

Motiv: Lande og Giskemo sett fra Eggane.

Utgivar: Ole Egge

Eigar: Ole Øystein Nybø

Merknad: 70 år sidan i 2017



BYGDEVANDRING SKARBØ 21. AUGUST 2016



Vandrarane på tur gjennom det velstelte tunet til Jens Skarbø.



Murane etter det første skulehuset ligg ved den gamle hovedvegen.



ÅRSMELDING ØRSKOG HISTORIELAG ÅR: 2016

ØRSKOG HISTORIELAG vart stifta i 1985. Dato for skipingsmøtet var 16. april 1985.

§1 i laget sine lover lyder:

Ørskog Historielag har til føremål å ta vare på kunnskapen om fortida til dei bygdene som ligg i Ørskog kommune, og arbeide for at folk kan få del i denne kunnskapen.

Dette kan gjerast ved:

- a. å samle inn folkeminne og anna tradisjonstilfag.*
- c. å spreie desse opplysningane ved å gje ut bøker og tidsskrift, eller halde kurs og foredrag.*

ÅRSMØTET i Ørskog Historielag vart halde på Kyrkjetorget 2. mars 2016.

21 personar var til stades.

Årsmeldinga for 2015 og rekneskapen for 2015 vart godkjende.

Vala vart gjort i samsvar med framlegg frå valnemnda/årsmøtet så langt desse hadde funne kandidatar. Styret fekk fullmakt til å få resten av vala på plass: leiar styret, leiar for skriftnemnd og postvegnemnd. Valnemnd var: Per S. Vestre, Aud Kongsnes og Petter Sjøholt. Arbeidsoppgåver for år 2016 vart drøfta og ulike prosjekt vart prioriterte.

Årspengane for år 2017 vart ikkje endra og er då 325 kr. Kaffi/te og kake undervegs i møtet. Etter vala på årsmøtet og seinare konstituering, har styret vore samansett slik:

Styret:

- Grethe Leikny Gjerde	leiar
- Valborg Haugen	nestleiar
- Ragnar Bakken	skrivar
- Jarle Erstad	kasserar
- Per S. Vestre	styremedlem
- Vidar Sand	1.varamedlem
- Magni Lande	2.varamedlem
- Jorunn Giskemo	3.varamedlem

Nemnder/utval knytta til arbeidet i laget:

- Teknisk utval: 5 medlemmer – leiar Jan Petter Aasen.
- Skriftnemnd: 6 medlemmer – leiar Bjørn Steinar Skarbø
- Paktarhusnemnda: 5 medlemmer – leiar Ove Eide.
- Fotoregistrering: 4 medlemmer – leiar Ole Øystein Nybø.
- Postvegnemnd: 5 medlemmer – leiar Jan A. Lande.

- Kalenderkomite for 2017: Eli Catrine Kjersem - Siv Krokfoss. Vara: Tore P. Gjære
- Revisorar: Kolbjørn Gjære – Mons-Olav Walgermo.
- Valnemnd for 2016: Karin Årdal (kallar saman) - Turid V. Haddal - Asgeir Kvernberg

STYRET.

Styret har i meldingsåret (frå årsmøte til årsmøte) hatt seks (ni i 2015) møte:

5. april – 15. juni – 31. august – 28. september – 30. november – 25. januar.

Styret har handsama 75 (111 i 2015) protokollerte saker.

Medlemstalet i 2016: 248 (228 i 2015) inkl. tre verksemder – jf. årboka for 2016.

Medlemsverving rett før jul 2016 ga 21 nye medlemmer!

Medlemstal 31.12.16: ca. 270.

På sammøte mellom styret og nemnder/utval 5. april 2016 vart arbeidsoppgåver/årsplan og prioriteringar drøfta og vedtekne. 10 personar var til stades på dette møtet.

Frå styreprotokollen tek vi med dei fleste av sakene som har vore til handsaming:

- ✓ Konstituering av styret.
 - ✓ Kveldsetene – tema – fordeling av oppgåver – gjennomføring.
 - ✓ Driftsavtale vedk. vedlikehald av Postvegen. Ikkje i mål.
 - ✓ Fellesmøte med nemnder/utval – førebuing - arbeidsoppgåver – prioritering av oppgåvene.
 - ✓ Ørskogdagane – førebuing av deltaking – eigen stand 28. mai 2016. Evaluering.
 - ✓ Ørskogkalenderen – samarbeid med Ørskog Rotary. Kalender for 2017.
 - ✓ Paktarhuset – vedlikehaldsarbeid – rydding – arkivering - økonomi m.m.
 - ✓ Bygdevandring – Skarbø – Jordskar – 21. august 2016.
 - ✓ Medlemsverving – jf. Ørskogdagen.+ v/stand rett før jul. Auka medlemstalet!
 - ✓ Postvegen – tilskot – framdrift m.m. Orienteringar – planlegging siste etappe.
 - ✓ Postvegmarsjen 2016: 11. sept. Førearbeid – gjennomføring. Amdamsfjøra - Prestefjøra.
 - ✓ Postvegen Landedalen – skogsdrift – skader på vegen.
 - ✓ Økonomirapportar.
 - ✓ Måleri Ørskog v.g.skule.
 - ✓ Årbok og namnebok 2016.
 - ✓ Førjulssalg av årboka – medlemsverving m.m.
 - ✓ Skriftnemnda – ymse spørsmål knytta til trykking av årsboka.
 - ✓ Kulturminneplan – eiga nemnd – kontakt med kommunen m.m.
 - ✓ Årsmøte 2017 – førebuing.
 - ✓ Kraftverket i Ørskogfossen.
 - ✓ Kommunal planstrategi – uttale.
 - ✓ Årbok og kalender – rutinar ved utsending.
 - ✓ Kyrkjebökene – ferdig – eiga samling med ros til Ole Øystein og korrekturlesarar.
 - ✓ Bygdevandring 2017 – planlegging.
 - ✓ Kveldseta 2017 – planlegging.
 - ✓ Gåve frå Ørskog Sparebank og Ørskog kommune. Jf. rekneskap 2016.
 - ✓ Gåver – laget får jamt tilbod om å ta vare på gjenstandar m.m. Registreringsarbeid.
 - ✓ Arbeidet i nemndene – rapportar – sammøte.
 - ✓ Ei rekkje skriv og meldingar og førespurnader.
 - ✓ En del av sakene ovanfor har gått igjen på fleire møte.
-
- ✓ **Orienteringar og drøftingar i styret om arbeidet i nemndene – der vi tek med:**
 - ✓ Årbok for 2016 og 2017 + inkl. namnebok for Ørskog.
 - ✓ Fotoregistreringsarbeidet – avskrift kyrkjebökene – registrering av gamle bilete.
 - ✓ Arkivering- og registreringsarbeidet.
 - ✓ Postvegen – jf. eiga nemnd. Tilskot. Vedlikehald m.m.
 - ✓ Paktarhuset - ymse arbeid. Mykje er gjort. Leiar med på fleire møte i styret.
 - ✓ Oppgåver for/frå teknisk utval.

Kveldsenter/bygdevandring.

Styret har hatt hovudansvaret for desse:

I meldingsåret (mars – mars) har kveldsetene vore avvikla med desse **7 emna**:

Tal frammøtte i ():

- 6. april 2016: Bilete frå Ørskog (56). Ole Øystein Nybø
- 4. mai 2016: Tur til Langskipsoya (39). Asgeir Kvernberg – skysskarar frå Tyssa.
- 21. aug. 2016: Bygdevandring Skarbø - Jordskar (28). Bjørn S. Skarbø – Knut Harstad.
- 7. sept. 2016: På skattejakt i kjeldejungelen. (25). Ole M. Ellefsen.
- 5. okt. 2016: Kulturminne i Ørskog – dugnad. (14) Ove Eide – Ragnar Bakken.
- 2. nov. 2016: Slekt og Data. (22). Terje Misund.
- 14 des. 2016: Årbok 2016 (14). Skriftnemnda. Bjørn S. Skarbø – Ragnar Bakken m.fl.
- 1. feb. 2017: Kyrkjebøkene – digitalisering (24). Terje Misund - Ole Øystein Nybø.

Det er så langt planlagt seks kveldsenter vidare i 2017. Bygdevandring i august 2017 lagt til Lande. Årsmøte 1. mars 2017.

Samla oversyn over alle kveldsetene sidan 1998 - også planlagde kveldsenter og bygdevandring i 2017 - finn vi på laget si heimeside: www.orskog.historielag.org



**Onsdag 4.mai 2016 var historielaget på tur til Langskipsoya for å sjå på den gamle løa som Storfjordens Venner har restaurert.
Den falleferdige løa har blitt god som ny!**



Frå bygdevandringa 21. august 2016. Godt ver – knapt 30 personar med Bjørn Steinar Skarbø og Knut Harstad som vandrelosar. Her aust for bustadhuset til Jens Skarbø.

Paktarhusnemnda.

- ✓ Medlemmer: **Ove Eide** (leiar) - Leidulv Reite – Kåre Myren – Turid Valbø Haddal – Magnhild Schmidiger.
- ✓ Relativt ung nemnd – husstyret og aktivitets-museumsnemnda vart slegne saman på årsmøtet i 2014. Dette har vist seg å fungere godt.

Leiar for nemnda har levert denne rapporten:

Aktivitetar i 2016:

- Vi har hatt fleire samlingar der oppgåver har blitt drøfta eller utført. Dei fleste samlingane har vore med 2-3 medlemmer til stades for å gjere førefallande arbeid.
- Austveggen utvendig har blitt reparert for råteskadar og måla. Bislaget er måla utvendig, men skal utbetrast seinare.
- Det har blitt utført svært naudsnyt arbeid på badet, der m.a. ein gammal lekkasje no er i orden. Det er kjøpt inn og montert varmtvasstank, servant og skap med benkeplate.
- Hekken langs vegen har blitt stelt, og det har blitt gjort diverse ryddearbeid på tomta.
- Vi har laga fotomontasjar til bruk på arrangement, med hjelp frå Tore Gjære.
- Det har blitt gjort førefallande arbeid med arkiv, bibliotek og museum.
- Også dette året har vi fått gåver frå bygdefolk til gjenstandsamlinga. Gåvene er henta og registrert. Takk til alle for desse fine tilskota til laget sine samlingar.

28. mai arrangerte nemnda standen til laget under Ørskogdagane, ved sidan av teknisk utval sin demonstrasjon av lokomobilens. Vi selde nye og gamle publikasjonar, noterte nye medlemmer m.m.

11. september var det Postvegmarsj og nemnda sat på målstasjonen i Prestefjøra. Vi registrerte deltakarar og skrev ut diplom. Vi delte ut merker til dei som var kvalifisert for det og trakterte deltakarane med frukt. 45 deltakarar vart registrerte denne gongen.

Ove

Skriftnemnda.

Medlemmer: **Bjørn Steinar Skarbø** (leiar) – Øyvin Danielsen – Olav Jan Bårdsgjerde - May-Sissel Osvik – Karin Årdal – Odd Saure.

Skriftnemnda har levert denne rapporten for 2016:

Årsmelding frå Skriftnemnda 2016:

Skriftnemnda har i år vore supplert med medlemer frå Namnenemnda i Ørskog, Tore Gjære og Ragnar Bakken i samband med arbeidet med namnebok-delen av årboka. Ei spesiell takk til dei for stor innsats i dette arbeidet.

Skriftstyret har hatt rundt sju-åtte møte. Møtestaden har vore Gamlebanken. Namnenemnda har hatt fire-fem møte knytt til arbeidet med namnebok-delen.

Skriftnemnda tok i år konsekvensen av det fleire har nemnt om at det som tidlegare heitte årsskrift, i grunnen har vorte til ei bok, og bør nemnast slik. Årets produkt har vi derfor kalla «Årbok for Ørskog». Her hadde nok «Historielag» falle av lasset på vegen, så det vil vi endre for framtida og kalle ho «Årbok for Ørskog Historielag + årstal».

Namnebokdelen var eit utvida opptrykk av namnematerialet som er utarbeidd av Namnenemnda i Ørskog og omfatta namn på vegar og gardsnamn. I tillegg kom ein artikkel av Karin Årdal om namn i Ørskog og ein artikkel ført i pennen av Ragnar Bakken om arbeidet med namnsetting i Ørskog. Dette vart samla i fyrste del av boka.

Etter denne kjem delen med tradisjonelt historiestoff. På grunn av ei viss uvisse om kor omfangsrik namnedelen ville bli, og ønskje om å avgrense sidetalet noko, held vi litt att med omfanget på den historiske delen av boka. No vart ikkje namnedelen like omfangsrik som ein hadde sett føre seg, og dermed vart det noko færre sider enn ein hadde rekna med i utgangspunktet.

For også i år har det vore stor velvilje og stor skriveaktivitet hos mange som har kome årboka til Ørskog Historielag til gode. Det har vore stor velvilje hos dei vi har spurt om å bidra, og det er dei som tilbyr stoff på eige initiativ, noko vi er spesielt glad for.

Annonsane til årboka gjekk det også i år greitt å få inn, og vi er svært takksame for at næringslivet i Ørskog støttar årboka på denne måten. Hovudartikkel i år var artikkelen til Tore Gjære om militærvesenet i Ørskog. Så er vi i år som elles glade for Ole Øystein Nybø sine bidrag i form av bilde med tekst frå fotosamlinga som Historielaget medverkar til. I år var ønsket 20 bilde med tekst, og dei kom til nemnda i god tid slik dei brukar. Ei spesiell takk til Ole Øystein for godt bidrag. Vi viser elles til innholdslista og naturlegvis sjølve boka.

Innholdsliste Årbok 2016

- Forord
- Vegnamn i Ørskog ved Namnenemnda i Ørskog kommune
 - Om arbeidet med vegnamn og andre namn i Ørskog
 - Vegnamn i Ørskog – Kart og tabellar
 - Offisiell skrivemåte for gardsnamn i Ørskog
 - Nokre stadnamn og gardsnamn i Ørskog av Karin Årdal
- Militære i Ørskog på 17- og 1800-talet av Tore Gjære
- Perler frå fotoarkivet av Ole Øystein Nybø
- Kristtorn - vårt einaste vintergrøne lauvtre av Rolv Amdam
- Næringslivet i Ørskog i 1953 av R.B. Skarbø
- Kjøpmann Rolv Tennfjord av Bjørn Steinar Skarbø
- Årsmelding for Ørskog Historielag 2015 av Ragnar Bakken
- Medlemer i Ørskog Historielag 2016

Årbok for Ørskog 2016



Namnebok for Ørskog, band 1



Forside årbok 2016

I år valde vi i samråd med styret å skifte leverandør av montasje- og trykkeritenester. Valet fall på Språksmia i Valldal og deira samarbeidspartner «Digitaltrykk» i Oslo. Samarbeidet med Språksmia fungerte i all hovudsak svært godt og vi synes sjølv at årboka i år vart svært fin i forma.

Dessverre kom boka i år ut seinare enn vi hadde håpt på. Travelt opptekne folk med fleire jarn i elden er noko av årsaka, i tillegg til at det var ein del arbeid med å få på plass alt som skulle med til namnebok-delen. Boka var ferdig 10. desember og det var bokslepp på kveldsseta onsdag 14. desember. For å bøte på avsetninga, hadde vi utsal på Bunnpris og Coop fredag / laurdag påfølgjande helg.

Presseomtale av årboka har vi fått i Sunnmørsposten, Bygdebladet og Nytt i Uka. I all hovudsak er det svært positive omtalar.

Vi er glade for at årboka vert lagt merke til og godt motteken mellom laget sine medlemmer og andre som kvart år sikrar seg eit eksemplar.

Skriftnemnda vil til slutt rette ein varm takk til alle som har bidrige til årboka, i hovudsak forfattarar og annonsørar. Dykkar innsats er avgjerande for at vi klarer å gje ut ei slik bok kvart år.

Ørskog 15. februar 2017

Karin Årdal, May Sissel R. Osvik, Olav Jan Bårdsgjerde, Øyvin Danielsen,
Odd Saure og Bjørn Steinar Skarbø

Teknisk utval.

Medlemmer: **Jan Petter Aasen** (leiar) – Svein Barlindhaug - Steinar Leganger – Børre Tennfjord – Terje Haaheim.

Vi tek med nemnda sin eigen rapport om arbeidet dette året:

MELDING FRÅ TEKNISK UTVAL FOR 2016:

Gjeremål i året 2016:

- Også i 2016 deltok historielaget på vanleg måte under Ørskogdagane med oppstart av Lokomobilen som den store “attraksjonen”. Dette har vorte årvisst – med godt besøk! Det var stor interesse for maskinen, bruksmåte og ikkje minst kva bruksområde lokomobilen hadde. Det har også vore utført sertifisering av lokomobilen – sertifikatet vil gjelde for 5 år - relativt kostbart. Klar for nye Ørskogdagar i 2017.
- Det har vore gjennomført skogrydding rundt krafverkhuset i Ørskogelva. Ein har ført samtalar med representantar frå Nordvest-Kraft AS. Naudsynt arbeid, mellom anna takvøling er grovkalkulert og grunnlaget for aktuelle tiltak er på plass. Dette arbeidet ser vi for oss at eigar vil stå for i samarbeid med ØH.
- Det har vorte rydda skog i og rundt kvernhuset for å skape eit meir tiltalande område rundt. Kommunen har også utført noko arbeid knytta til tilkomsten til huset.
- Ein har gått over aktuelle gjeremål og utført nødvendig arbeid knytta til smia og malmbana.

Når det gjeld oppgåver framover viser vi til oppsett seinare i årsmeldinga. Her er nok å gripe fatt i for utvalet. Takk til medlemmene for innsatsen i 2016.

Fotoregistreringsgruppa.

Laget har ei eiga gruppe som arbeider med registrering av gamle foto frå Ørskog.

Ole Øystein Nybø har vore leiar i gruppa også siste året. Dei andre medlemmene i gruppa har vore: Gunnveig Skilbrei, Tore P. Gjære og Terje Misund. All registrering av opplysningar til avfotograferte bilete vert no gjort direkte på Internett.

Fotoregistrering 2016 – notat ved Ole Øystein Nybø:

I skrivande stund er det 1699 bilete i fotosamlinga som på eit eller anna vis har noko med Ørskog å gjere. Og meir kjem etter kvart. Ikkje alt dette er det Ørskog historielag si eiga fotoregistreringsgruppe som har bidrige med. Vi har eit samarbeid med Fylkesfotoarkivet M&R i Ålesund om ein nettstad der det også tid om anna vert lagt inn bilete i databasen inn under søkeordet Ørskog.

For ei tid sidan skifta Fylkesfotoarkivet database og samtidig endra adresse. Den nye er:

<http://foto.fylkesarkivet.no>



FAKf-0205.00018

Meieriet ved Sætre elva i Solnordalføret. Hit kom dei med mjølka frå særane som låg i dette dalføret. Det omfatta gardane Apals et, Sjøholts strand, Sjøholt, Lid og Egge. Om vinteren separerte og kinna dei i eit meieri som låg ved Lilleelva i Einagarden.
Personane på biletet er ikkje identifiserte.

Digitaliseringa av kyrkjebøkene – notat ved Ole Øystein Nybø:

Endelig er vi i mål med arbeidet starta på i 2002 med å digitalisere kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld. Alle dei 11 eldste bøkene som til no er offentleg tilgjengelige er avskrivne, korrekturlest og innsendt til Digitalarkivet via ein koordinator for kyrkjebokregistreringa i Møre og Romsdal i foreininga Slekt og Data.

Kyrkjebøkene for Ørskog prestegjeld vart starta ført i 1720 av Hans Jakob Hjort som kom hit som prest det året. Skulle vi skrive at bøkene måtte vi ta med meir enn berre det som galt Ørskog sokn, vi måtte skrive av alt som stod i dei. Prestegjeldet omfatta nemleg både Stranda, Stordal og Sykkylven anneksoskn i tillegg til hovudsoknet Ørskog. Bøkene vart i starten ført kronologisk og alt innhaldet hang saman. I 1759 vart Stordal og Stranda fråskilt som eige prestegjeld, og Sykkylven vart aleine anneksoskn til Ørskog. Alt som skjedde i desse sokna vart ført i dei same bøkene, Stranda og Stordal fram til 1759, og Sykkylven vidare heilt fram til 1877 då dei fekk eigne bøker. Berre dei to siste bøkene frå, 1878-1911, var reine Ørskog sokn. Alt som presten skreiv om dåp, konfirmasjon, truloving, vigde, gravlagde, dødfødde, vaksinerte, inn- og utflytta, offentlege skriftemål, introduserte barselkonferanser og inn- og utmeldte i denne tida er no utlagt på Digitalarkivet.no og kan søkast på der for den som ynskjer det.

Bygdebladet 13. januar 2017:

ØRSKOG HISTORIELAG DELTE UT HENDER OG ROS

Måndag 9. januar 2017 hadde styret i Ørskog historielag invitert til det vi med rette kan kalle ei historisk samling. Det er om lag 14 år sidan dåverande leiar i laget, Tore Gjære, tok kontakt med Ole Øystein Nybø med spørsmålet: «Kan du tenkje deg å skrive av dei gamle kyrkjebøkene?» Ole Øystein er ein positiv person som også denne gongen svara ja. Digitaliseringsarbeidet starta såleis i 2002/03 og er ferdig i desse dagar. I løpet av dei åra som har gått, har eit sværande stort og tidkrevjande arbeid vorte utført med Ole Øystein som primus motor. Han ga oss denne kvelden mange glimt frå arbeidet som er utført. Ørskog prestegjeld har til no i alt 11 kyrkjebøker som pr. dags dato er tilgjengelige for offentlegheita, det er desse bøkene som no er avskrivne. Presten Hans Jakob Hjort starta på den første i 1720 og den siste vart avslutta i 1911, året etter at Gregers Wulfsberg var tilsett. Alt som står i desse 11 bøkene er no digitalisert.

Prestane førte kyrkjebøkene for hand, i starten med fjørpenn. Handskrifta var ikkje alltid like lett å tyde. I mange år vart gotisk skrift nytta. Det gjorde det sanneleg ikkje lettare. I kyrkjebøkene er mange opplysningar samla. Vi kan her nemne: Namn på døypte med fødselsdata, namn på konfirmerete, namn på vigde, namn på døde, namn på faddrar, vaksinerte, inn- og utflytta, offentleg kyrkjeturkt, introduserte, nattverdsgjester og inn- og utmelde. I tillegg vart ofte interessante historiske opplysningar tekne med. Fram til 1759 omfatta prestegjeldet fire sokn med felles bøker, Stranda, Stordal, Sykkylven og Ørskog. Sykkylven og Ørskog hadde vidare felles bøker fram til 1877. Berre i dei to siste etter 1878 er innföringane i bøkene berre for Ørskog sokn. Dette inneber at vi har med ei sværande stor datamengde å gjere. Etter kvart som arbeidet med å skrive av bøkene gjekk fram, vart det og behov for korrekturlesarar. Samla har om lag 10 personar vart knytt til dette arbeidet.

Korrekturlesinga av første boka vart gjort i 2003 av Tore Gjære og Paul Frøysedal, begge dei har vore med heile tida seinare. I 2005 kom Terje Misund og Heidi Heggem med, Heidi var med på ei bok. Terje har vore med sidan. I 2011 kom Magnhild Schmidiger, Magnhild Bakke og Johan Jørgenvåg med, Magnhild Schmidiger var med på ei bok. Dei to andre har vore med sidan. I 2013 kom Egil Vestre med og var med på to bøker det året. Og så i 2015 kom Terje Osvik, Eivind Vestre og Albert Langleite med. Terje Osvik var med på ei bok. Dei to andre har vore med på dei tre siste.



Samling 9. januar 2017 – med Ole Øystein i sentrum.

Korrekturlesarane har lese og retta. Eit møysommeleg arbeid. Materialet har etter retting så vorte sendt til registreringskoordinatoren i DIS Møre og Romsdal for kontroll før oversending til Digitalarkivet. Orginalbøkene er i dag tekne vare på i Statsarkivet i Trondheim. Dei er skanna og er lagt ut på nettet under Digitalarkivet. Der kan vi og finne bøkene som no er digitaliserte. Vi kan rekne Ørskog som ein føregangskommune i samband med det arbeidet som her er gjort. Historielaget vi seinare ta standpunkt i samband med rettar og eigartilhøve for materialet.

Denne kvelden markerte avslutninga på arbeidet. Historielaget sin leiar Grethe L. Gjerde bar fram stor takk til alle som har bidrige. Ole Øystein fekk ei særskild påskkjøning som primus motor og hovudpersonen gjennom alle desse åra. Det vanka elles blomster til dei andre som har medverka. Deretter var det kake og kaffi og god drøs rundt bordet. På ØH sitt komande kveldsete i februar vil Ole Øystein og Terje Misund stå for innhaldet der temaet nettopp vert arbeidet med digitaliseringa av kyrkjebøkene. Dette bør interessere mange i bygda vår!
Ragnar Bakken – sekr – ØH.

Vi kan nytte oss av arbeidet ved å gå inn på nettstaden til Digitalarkivet
<http://foto.fylkesarkivet.no>

Postvegnemnda - «Den Trondhjemske Postvei».


Eiga nemnd: Jan Lande (leiar), Elling Ødegård, Kristian Tøsse, Kjell Sletta og Rolf Hatlen.
Nemnda v/leiar har levert denne rapporten:

ÅRSMELDING 2016 POSTVEGNEMNDA:

Året 2016 har vore prega av redusert aktivitet, det er likevel skrive avtalar med grunneigarar på Haugsætra, men tre står att. Postvegen frå Ryssebøen mot Nedrevoll vart grøfta, rydda og utbetra i sumar. I desember vart det lagt rør gjennom vegen ved Ryssebøen. Nemnda vonar å kome i gang med arbeidet vidare frå Haugsætra til Vestnes grense i 2017.

Vi tek med litt til og startar med: Gjennom heile året har Postvegnemnda og styret i ØH arbeidd med ulike spørsmål knytta til Postvegen. Vi har prøvt å få på plass ein avtale om vedlikehald av veg. Der Friluftsrådet, Ørskog kommune, Statens vegvesen og ØH skulle inngå eit samarbeid. Saka har vore til handsaming i styret fleire gongar. Vi er framleis ikkje i mål med ein endeleg avtale. ØH har også vore aktiv pådrivar for å kome i mål med siste etappe av oppgradering av vegen – Haugsætra – Vestnes grense. Vi er lova ei synfaring våren 2017 frå Fylkeskommunen. Vidare står att å skaffe deler av finansieringa for dette arbeidet. Nye midlar vart ikkje tilført prosjektet i 2016. Til slutt kan vi ta med at Allskog sitt uttak av skog i Landedalen medførte stygge skader på Postvegen. Noko er utbetra. ØH vil sjå nærare på om alt er tilfredstillande gjort ved å gå over denne vegstrekning våren 2017.

Vi er glade for å ha fått utført nødvendig reparasjonsarbeid på strekning sørover frå Ryssebøen.



Postvegen – eit flott kulturminne – ein fin turveg.

Turveg frå Russebøen: Denne delen av Postvegen startar på Russebøen og tek av frå skogsvegen som fører til Hestvika. Du tek av til venstre ved Sjøholt Camping, opp ei til dels bratt stigning på det som var ein kjerreveg. Ørskog kommune, skuleelevar, lag og organisasjonar har siste åra kvista og opparbeidd vegen til om lag den standard han ein gong hadde. Underlaget er delvis grasdekt og bakkane opp til toppen er eit godt middel til å få opp pulsen.

Kulturminne: Postvegen gjennom Ørskog, er ein bit av den gamle postruta mellom Bergen og Trondheim og vart bygd rundt 1780. Vegen startar i fjøra på Amdam. Dit kom posten sjøvegen frå Stranda. Så går vegen over markane på Amdam og Nedrevoll, til han går over høgdedraget Kleivane (høgste punktet på turvegen), mot Sjøholt. Der går han forbi prestegarden og vidare opp Landedalen til Vestnesgrensa på Ørskogfjellet. Også delar av denne strekninga er opparbeidd i seinare tid.

Postvegmarsjen vart arrangert for 14. gong 11. september 2016. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom Ørskog I.L, Ørskog kommune, Friluftsrådet og vårt eige lag. Marsjen startar der posten kom i land med båt frå Stranda i Amdamsfjøra. Vidare følgjer marsjen Postvegen over Nedrevold, Kleivane og ned til Ryssebøen. Mål er lagt til Prestefjøra. 45 deltakrar fullførde marsjen i 2016 og fekk diplom.

Nettsider Ørskog historielag: Laget har i fleire år hatt eigne nettsider. Laget vil også i denne årsmeldinga rette ei stor takk til Tore P. Gjære.

Sidene gjev mykje god informasjon om laget: Adresse: www.orskog.historielag.org

Innhald: Framside – Aktivitetar – Om laget – Publikasjonar – Restaureringar – Andre oppgåver – Årsmelding – Gamle bilde – Kunngjeringar – Medlemsnytt – Gamle Sjöholt.

Olav Oksvik – stiftinga.

Dette er ei stifting som skal ta seg av gjenstandar, dokument m.m. etter Olav Oksvik. Målsetjinga er å få på plass ei samling i Ørskog. I 2012 -14 vart gjenstandar og dokument henta og mellombels lagra lokalt. Noko står att å hente. Registreringsarbeidet er godt i gang. Det vert arbeidd med å finne ei permanent plassering av samlinga. Stiftinga arrangerte «Oksvikseminar» på Ørskog samfunnshus i november. **Flyktningepolitikk og integrering** stod på dagsordenen i år. Dette vart eit vellukka arrangement. Det er nedfelt i stiftinga sine vedtekter at eit seminar skal finne stad kvart år. **Frå Ørskog Historielag er desse valde som medlemmer: Siv Krokfoss, Ola Gram og Mons-Olav Walgermo. Brynje Vethe, Åse P. Gjerde og Ragnar Bakken er personlege varafolk.**

Frå kommunen er valde: Arild Aanes - leiar - og Karl Johan Vaksvik.

Ørskogkalenderen.

Ørskog Historielag og Ørskog Rotary har i ei rekke år gitt ut Ørskogkalenderen.

Ørskog sparebank ville gje ut kalender for 2014 – dette vart ikkje realisert.

I løpet av 2014 vart det klart at ØH og ØR på nytt gjekk inn i samarbeid om å få laga ein kalender for 2015. Økonomien vart sikra gjennom støtte frå lokale verksemder – mot reklame i kalenderen. Slik var ordninga også i 2016 og samarbeidet held fram og ny kalender for 2017 var ferdig i god tid før jul. Alle husstandar har fått kalenderen for 2017. Vi vonar at vi i åra som ligg framføre, kan kome attende med kalender med gode Ørskogbilete. Frå Ørskog Historielag tok desse del i arbeidet: **Eli Cathrine Kjersem og Siv Krokfoss** med varamedlem Tore Gjære. Takk også til velvillige sponsorar!



Biletet er teke på Vestre hausten 2015 på veg opp til Geitanibba 854 moh. Vi ser utover Storfjorden mot Gausneset. Mellom myrull og lyng ser vi Ørskog som ei perle ved fjorden!

Fotograf: Eli Cathrine Kjersem

Rekneskap for året 2016:

Det vert vist til eige oppsett og eiga sak på årsmøtet 1. mars 2017.

ØRSKOG HISTORIELAG – ØRSKOG KOMMUNE.

Vi er ofte avhengig av at ØH og Ørskog kommunen har eit tett og positivt samarbeid. Det gjeld i mange saker og som bør vere av felles interesse. Dette samarbeidet kan seiast og vere i hovudsak godt. I mange samanhengar blir vi møtt med positive utsegn både frå administrasjon og politisk hald. Ved fleire høve har styret vore innom tilhøvet til kommunen – i heilt konkrete saker. Vi tek her med nokre døme på slike saker/område – med både ros og litt ris:

- ØH ser det ønskjeleg med ei vesentleg styrking av administrasjonen i ØK knytta til kultursaker. ØH ser fram til at dette kjem på plass.
- ØH saknar ei meir aktiv haldning og positive tilbakemeldingar knytta til dei oppgåver og prosjekt vi arbeider med. ØH ønskjer såleis ei høgare prioritering av kultursaker og spørsmål frå kommunen si side.
- ØH saknar ein kulturplan – og så langt også ein kulturminneplan.
- På nyåret 2017 har vi motteke ei gladmelding: Kommunen vil utarbeide ein kulturminneplan - i samarbeid med ØH. Flott!
- ØH er skuffa over at saka om samarbeid knytta til å få på plass ein avtale om vedlikehald/drift av Postvegen har trekt ut i tid.
- ØH er glad for støtte til Postvegen i 2015/16 – mindre tilfreds med nei til søknaden for 2017.

Det er ikkje alltid at kronetalet er avgjerande. Haldningane og prioriteringane bak vert alltid lagt merke til. Frivillige lag og organisasjonar er avhengige av kommunen – like avhengig er kommunen den andre vegen. Samarbeid og positive handlingar og vedtak vil gjere at oppgåver – også innan kultursaker – vert best mulig løyste – til glede for alle i kommunen.

Framover – oppgåver for 2017 og vidare.

Styret har som målsetjing - snarast etter årsmøtet 1. mars 2017 – å halde eit møte saman med nyvalde nemnder og utval for å setje opp arbeidsprogram/årsplan for året 2017.

Pågående oppgåver og drøftingar på årsmøtet vil leggje føringar for komande årsplan.

Vi tek her med viktige prosjekt – til drøfting på årsmøtet og vidare handsaming på sammøte mellom styret og nemndene. Vi vil ta steg vidare også i 2017:

- ✓ Postvegen – vidare arbeid over Ørskogfjellet. Skader på vegen i Landedalen.
- ✓ Postvegmarsjen for 15. gong.
- ✓ Driftsavtale for vedlikehald av Postvegen. Kome i mål og setje ut i livet!
- ✓ Paktarhuset – drift og vedlikehald. Renovering innadørs pågår og må halde fram.
- ✓ Olav Oksvik stiftinga – ØH er sentral i denne. Registreringsarbeid. Finne lokale!
- ✓ Kvernhuset – vedlikehald – oppstart – eventuelle demonstrasjonar.
- ✓ Kraftstasjonen – vedlikehaldsarbeid – årleg rydding – samarbeid med NordvestKraft. Få på plass avtale om vedlikehald og kostnader m.m.
- ✓ Malmbana vedlikehald.
- ✓ Lokomobilen. Vedlikehald. Oppstart. Demonstrasjonar på Ørskogdagane o.a.
- ✓ Deltaking/markeringar med stand på Ørskogdagane.
- ✓ Årbok nr 27 – for år 2017. Innhold og arbeid.
- ✓ Ørskogkalender - halde fram samarbeidet med Ørskog Rotary. Kalender for 2018.
- ✓ Gåver – jf. vedtekne retningslinjer for mottak av gåver m.m. - registrering/arkiv.
- ✓ Fotoinnsamling/registrering – vidare arbeid.
- ✓ Kulturminnedagane 2017: Tema: «Kulturminne i samfunnets teneste» 9. - 17. sept.
- ✓ Kveldseter med om lag seks arrangement pr. år – viktig møteplass!
- ✓ Bygdevandring – behovet/interessa for slike er klart til stades.
- ✓ Medlemsvervning. Eit alltid vedvarande arbeid! Medlemspleie.
- ✓ Kulturminne/krigsminne i Ørskog - kulturminneplan – jf. samarbeid med kommunen.
- ✓ Kulturveldar – temakveldar – andre typar arrangement.



ØRSKOGFJELLET 1950-60-TALET
Stor skiutfart med parkering berre langs riksvegen
Fotograf: Ukjend
Lokal registrering: Tore Gjære 1999



Ved eit kvernhus i Ørskogfossen. Bertha Emblem, Signe Nordsæt og Signe Emblem. (Lokal registrering: Tore Gjære 21.03.1999.)
Gruppe: kvinner, kvernhus, elv, foss,
Ørskog, Sjøholt 1918 - 1920



Ørskog Historielag 2016 – med fokus på:

- ✓ Ørskog historielag si årbok og namnebok i eitt – årbok nr 26!
- ✓ Paktarhuset – utvikle huset til eit «minimuseum» - arkivstad – vedlikehald.
- ✓ Pådrivar for ein kulturminneplan i Ørskog.
- ✓ Utval og nemnder gjer eit jamt godt arbeid! Ørskogfossen kraftstasjon neste?
- ✓ Postvegen – ei sentral oppgåve for laget.
- ✓ Postvegmarsjen også dette året for 13. gong!
- ✓ Vellukka bygdevandring på Skarbø.
- ✓ Mange fine og godt besøkte kveldsenter. Kyrkjetorget er god møtestad!
- ✓ Fotoregistreringa er i godt gjenge.
- ✓ Arbeidet med kyrkjebøkene er i mål – Arbeidd med digitaliseringa sidan 2003!
- ✓ Auke i medlemstalet – no ca 270.

Frå styret rettar vi ei stor takk til alle som har arbeidd aktivt innan laget – eller har gjeve positiv støtte og respons til arbeidet i meldingsåret 2016.

Kvar årsmelding siste åra har med eit gammalt ord som vi finn på laget si internettseite:

”Å gløyme fortida si, er å leve som ein bekk utan kjelde, som eit tre utan rot.”

Styret i Ørskog historielag år 2016.

Ragnar Bakken – skrivar –

historielaget årsmelding 2016



Verahornet februar 2017.

**Eit av dei siste synlege merka etter tyskarane sitt opphold her under krigen 1940-45
Eit kulturminne for komande kulturminneplan!**

